

Ivar Aasen-stiftinga

Sakspapir til årsmøte 18. september 1995

Sak 2:

ÅRSMELDING 1994/95

ÅRSMØTET 1994

Årsmøtet i stiftinga vart halde i Volda 13. september 1994. 15 av stiftarorganisasjonane var representert. Årsmøtet behandla dei vanlege årsmøtesakene. Til arbeidsutval for stiftinga vart desse valde: Jostein Nerbøvik (leiar), Ola E. Bø (nestleiar), Jan Olav Fretland, Jens Kåre Engeset.

I samband med årsmøtet og Dei nynorske festspela skipa stiftinga til eit folkemøte i Volda same dag, med tema: «Ivar Aasen-senteret - akademisk luftslott eller grojord for framsynt forsking og folkeleg språkrøkt? Treng vi eit Ivar Aasen-senter?» Der deltok m a komiteleiar Jon Lilletun, kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, rektor Ole Danbolt Mjøs, Universitetet i Tromsø, stortingsrepresentant Ottar Kalhdhol og rektor Sverre Måseidvåg. Debattleiar var Erling Lægreid. Møtet var vellukka, og hadde bra oppmøte.

Arbeidsutvalet har vedteke fråsegner i to høyringssaker frå Møre og Romsdal fylkeskommune: Om revidert museumsplan for Møre og Romsdal og om handlingsprogram for statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal.

Styret i stiftinga har kome fram til følgjande namnebruk: Ivar Aasen-senteret skal nyttast som fellesnamn for instituttet på Høgskulen i Volda (Ivar Aasen-instituttet) og bygget i Hovdebygda (Ivar Aasen-tunet).

STATSBUDSJETTET FOR 1995

I budsjettproposisjonen for Kulturdepartementet for 1995 (lagt fram i oktober 1994) orienterte departementet om arbeidet som har vore gjort m a av Røyset-utvalet, og skriv vidare:

"Kulturdepartementet legg til grunn at det tiltaket som det kan vere aktuelt å realisere i tilknyting til Aasen-tunet i Hovdebygda i Ørsta, må reduserast monaleg i høve til planane som ligg føre. Kulturdepartementet vil drøfte saka vidare med kommune og fylkeskommune. Vi vil kome tilbake til saka."

I budsjettinnstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Stortinget vart det uttalt følgjande:

"Komiteens fleirtal, alle unnatekne representanten Roy N. Wetterstad, vil understreke behovet for ei avklaring og større framdrift i arbeidet med å legge til rette for eit senter for nynorsk skriftekultur i Volda/Ørsta.

Fleirtalet føreset at Ivar-Aasen Senteret skal organiserast innanfor ei todelt løysing med eit kulturbrygg i Aasen-tunet for utsstilling og kulturformidling og eit Ivar Aasen-institutt ved Høgskulen i Volda med vekt på forsking, undervisning og publisering av nynorsk skriftspråk.

Til dette arbeidet vert det avsett 1,3 mill. kroner under kap. 320 post 73.

Fleirtalet har merka seg at Kulturdepartementet vil drøfte Ivar Aasen-senteret si oppbygging nærmare med kommunane og fylkeskommunen. Fleirtalet støtter dette og vil understreke at det er viktig at saka vert drøfta vidare og at den totale kostnadsramma vert nøyne vurdert. Den føreslåtte løyinga til prosjektet for 1995 kan nyttast når partane har lagt fram ein plan over prosjektet sitt omfang, innhald og framdrift.

Fleirtalet ber departementet kome attende til den vidare framdrifta for prosjektet seinast i samband med budsjettet for 1996.

Fleirtalet vil peike på at det i prinsippet må vere ei nasjonal oppgåve å ivareta det nynorsk skriftspråket. Når det gjeld Ivar Aasen-senteret og den framtidige drifta, vil fleirtalet ta stilling til dette seinare.

Fleirtalet auker løyinga på post 73 med 1,3 mill. kroner.

Komiteens medlemer frå Høgre støtter i hovudsak fleirtalets merknader, men framdrifta for Ivar Aasen-senteret skal stansa i 1995, men at den føreslåtte løyinga vert nytta til faktisk framdrift i planlegginga av prosjektet sitt omfang og innhald. Desse medlemene finn det ikkje tilfredsstillande at løyinga først skal utbetalast etter at partane har lagt fram planane.

Desse medlemene sluttar seg til løvingsframleggjet frå fleirtalet på post 73 med 1,3 mill. kroner."

I budsjettproposisjon for Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet for 1995 er arbeidet med Ivar Aasen-senteret ikkje nemnd. I budsjettinnstillinga frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen vart det uttalt følgjande:

"Ivar Aasen-senteret

Komiteen sitt fleirtal, alle unntatt medlemmet Christiansen, føreset at Ivar Aasen-senteret i Ørsta/Volda vert organisert og sett i gang innanfor ei todelt løysing med eit nasjonalt kulturygg i Aasentunet for utstilling og kulturformidling og med Høgskulen i Volda med knutepunkt i Norgesnettet innanfor fagfeltet nynorsk språk og kultur.

Fleirtalet ber difor Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samarbeid med Ivar Aasen-stiftinga å vidareføra prosjektarbeidet.

Fleirtalet legg til grunn at nynorsk skriftspråk vert eit prioritert fagområde innanfor Høgskulen i Volda og at forsking på dette fagområdet vert utvikla i nært samarbeid med aktivitetene ved Ivar Aasen-senteret, m.a.o. ei todelt løysing.

Fleirtalet viser til at svært få stillingar har vore oppretta immanfor fagfeltet nynorsk språk og kultur, og berre eit fåtal personar har vore i arbeid med nynorsk forsking og undervisning i den høgare skulen og ved universiteta.

Fleirtalet ber difor Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samband med tildeling av stillingar for 1995 legge til rette for at Høgskulen i Volda vert knutepunkt i Norgesnettet innanfor fagfeltet nynorsk språk og kultur.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti viser til Budsjett-innst. S. nr. 12 for 1993-94 der komiteen understreka behovet for å realisere eit nasjonalt senter for nynorsk skriftspråk Ivar Aasen-senteret i Ørsta/Volda.

Disse medlemmer er kjend med at det i fleire år har vore arbeidd med planar om å realisere eit Ivar Aasen-senter med vekt på utstilling, formidling, forsking og undervisning av nynorsk skriftspråk. Disse medlemmer viser til at det i 1993 vart skipa ei stifting for Ivar Aasen-senteret med 20 regionale og landsomfattande organisasjonar og med dei to universiteta i Bergen og Tromsø som sentrale institusjonar i stiftelsen

Disse medlemmer vil understreke behovet for ei konkret avklaring og større framdrift i spørsmålet om å legge til rette for eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur i Volda/Ørsta."

IVAR AASEN-INSTITUTTET. EIT SENTER FOR NYNORSK SKRIFTKULTUR

Hausten 1994 vart det klart at føremonene med å knyte Ivar Aasen-instituttet saman med Høgskulen i Volda (HVO) vart vurdert å vere større enn det som kunne vinnast med framlegget frå Røysetutvalet om samlokalisering i Hovdebygda. Dette vart og stadfesta av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget. Ivar Aasen-instituttet er no formelt sett i hovudsak eit ansvarsområde for Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og dermed for HVO. Stiftinga har heile vegen gått inn for dette delte senteret. Samstundes vil stiftinga understreke det som frå første stund har vore føresetnaden, nemleg at instituttet i Volda og tunet i Hovdebygda skal vere to sider av same sak, to delar av ein heilskap.

Eit utval nedsett av styret for HVO leverte i februar i år ei omfattande innstilling om Ivar Aasen-instituttet. Jan Olav Frelend og Jostein Nerbøvik frå stiftinga deltok i dette utvalsarbeidet. Fleire viktige målsetjingar vart sett opp og hovudoppgåver vart prioriterte, m a knutepunktfunksjon i Noregsnettet innanfor nynorsk skriftkultur. I brev datert 23. juni i år har KUF gjeve HVO midlar m a til to professorat. Ivar Aasen-instituttet er dermed ein realitet, administrativt tilknytt Avdeling for humanistiske fag ved HVO. Styringsgruppa er samansett av Tove Bull, Kjell Venås, Sveinung Vaage, Jostein Nerbøvik og Peter Hallaråker (leiar). Gruppa er i gang med å klarleggje det faglege innhaldet ved instituttet. I dette arbeidet skal det leggjast vekt på at instituttet er eit knutepunkt i Noregsnettet, og at det er tverrfagleg og utovervendt. Ei prosjektleiarstilling er utlyst.

IVAR AASEN-TUNET I HOVDEBYGDA

Arbeidsutvalet i stiftinga sette i januar opp ein framdriftsplan for det vidare arbeidet med Ivar Aasen-senteret, med målsetjing å få til grunnsteinsnedlegging i Aasen-tunet i september 1996. Første oppgåve var å få utarbeidd eit revidert forslag til omfang og innhald i Ivar Aasen-senteret, slik stortingskomiteen hadde bedt om.

Den reviderte planen; *Nasjonalt kulturygg - Ivar Aasen-tunet. Revidert plandokument* vart lagt fram for departementet i mars i år. Plandokumentet var utarbeidd av John Aage Gjestrum i samarbeid med AU. Stiftinga sende ut ei pressemelding om dette.

Planen no omfattar eit bygg på 2.120 kvm, 27.7 mill kroner for sjølve bygget og 10.3 mill kroner for innhald og utstyr. Totalsummen er 42.9 mill kroner. Utan instituttet opererer planen med eit stillingsbehov på 11 ½ faste stillingar, noko som vil innebere ei samla brutto utgift til løner på 3.5 mill kroner. Driftskostnader elles er sett til om lag 2.2 mill kroner. Eigeninntektene er sett til 800 000 kroner, noko som tilsvarer 30 kroner i inntekt på 20 000 besøkjande årleg. Samla driftstilskot til det nasjonale senteret blir då om lag 5 mill kroner. Det er ein klar føresetnad at *drifta* heilt ut skal vere eit nasjonalt og statleg ansvar.

Med denne planrevisjonen meiner styret i Ivar Aasen-stiftinga at ein har kome ned på det som er eit minimum for bygget, om ein da ikkje skal skjere vekk grunnleggjande funksjonar i den heilskapen av formidling og forsamling kulturygget skal innehalde, med vern, dokumentasjon, formidling, aktivitet og oppleving.

Kulturdepartementet heldt 30. juni 1995 møte om Ivar Aasen-senteret med Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane Ørsta og Volda. Ivar Aasen-stiftinga var til stades på byrjinga av møtet for å presentera prosjektet.

Stiftinga skipa til ein idedugnad i Ålesund 24. - 25- august med tittel *Frå tanke til røyndom. Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda..* Idedugnaden samla om lag 20 fagfolk og styremedlemer, og hadde som

målsetjing å få ein del fagfolk sine synspunkt på det konkrete innhaldet i tunet. Det vert utarbeidde ein eigen rapport frå denne samlinga.

SØKNAD OM MIDLAR FRÅ KULTURDEPARTEMENTET

Stiftinga har søkt om midlar frå Kulturdepartementet til vidare arbeid med senter-planane: Me har fått kr 51 000 til arbeidet med det reviderte plandokumentet.

Vidare er det søkt om til saman kr 500 000 til følgjande prosjekt:

1. Kr 300 000 til vidare utarbeiding og fagleg forbetring av prosjektet, i samråd med departementet og løvvande offentlege organ i Møre og Romsdal. Forprosjektrapporten og det reviderte plandokumentet skal leggjast til grunn for ei konkretisering av planane. Stønaden skal dekkja ein større idedugnad i Ålesund 24.-25. august, etterarbeid etter idedugnaden og leige av faghjelp til å arbeida ut krav-spesifikasjonar, innhenta og samordna kunnskap frå liknande tiltak m a i utlandet m v. Målet for arbeidet bør vera å få fram eit grunnlag for arkitektkonkurranse eller oppdrag til utvald arkitekt.
2. Kr 200 000 til arbeid med å danna eit internasjonalt nettverk knytt til språkpolitikk og skriftkultur i internasjonal samanheng og til å førebu og gjennomføra eit planlagt internasjonalt seminar i samband med nettverksbygginga, truleg på hausten i 1996.

DEI NYNORSKE FESTSPELA

1994 var det første året Dei nynorske festspela vart gjennomført i regi av Ivar Aasen-stiftinga. Stiftinga hadde ei grundig drøfting av festspela på styremøte i oktober. Avviklinga av festspela gjekk greitt, men det økonomiske resultatet var ikkje godt nok. Festspela fekk ei løyving på kr 200 000 frå Kultur-departementet. Endeleg rekneskap viste eit underskot på kr 59.189,77 som skal overførast festspela 1995.

For Dei nynorske festspela 1995 vedtok AU etter fullmakt frå styret nye retningsliner (føremål, organisasjons- og ansvarsforhold og målsetjingar og resultatkrav) og sette ned ny festspelnemnd, sjå vedlegg. I februar vart Torkell Zahl tilsett i engasjement (10. februar til 31. desember) som dagleg leiar for festspela 1995. Festspela har fått ei løyving på kr 250 000 frå Kulturdepartementet for 1995.

IVAR AASEN-ÅRET 1996

Stiftinga Ivar Aasen-året 1996 vart skipa våren 1995, med føremål å arbeida for ei markering i 1996 av målreisaren, vitskapsmannen og diktaren Ivar Aasen og livsverket hans. Arbeidet til stiftinga skal særleg byggja på "Forprosjektrapporten om Ivar Aasen-året 1996", utarbeidd av Ottar Grepstad. Bak stiftinga står Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, LNK og Samlaget.

STYRET

I årsmeldingsperioden har stiftinga fått 4 nye medskiparar:

Universitetet i Tromsø
Universitetet i Trondheim
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune

Styret for stiftinga har vore samansett av ein fast styremedlem med personleg varamedlem frå dei av skiparane som har ønskt styrerrepresentasjon. Ei liste over styremedlemene ligg ved. Styret har hatt 2 møte i perioden.

Arbeidsutvalet har hatt 4 vanlege møte, i tillegg til ei rekke telefonmøte. Arbeidsutvalet har også hatt møte/samtalar med representantar for vertskommunane, fylkeskommunen og familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Stortinget.

Jan Olav Fretland orienterte om arbeidet i Ivar Aasen-stiftinga på landsmøtet i Noregs Mållag i juli 1995.

Sekretær: Stiftinga kjøper sekretærtenester frå LNK, avgrensa til 10 % stilling. Sekretæren fører rekneskapen til stiftinga.

Økonomi: Det er søkt om støtte frå Haugesund Mållag og Ungdomslag, Sandefjord og Sandar Mållags legat til norsk målreising og Halldor O. Opedals fond for norsk målreising til arbeidet i stiftinga, dverre utan resultat. Etter vedtak i arbeidsutvalet er det overført kr 50.000 frå grunnfondet til drift av stiftinga.

SAK 3

Ivar Aasen-stiftinga

REKNESKAP 1994

Inntekter

Stønader	17.000,00
Saldooverføring, Møreforsking ¹	107.374,17
Sum	124.374,17

Utgifter

Reisetilskot	5.585,00
Møte-, reis- og oppholdsutgifter	44.962,50
Sekretær- og kontorutgifter	43.909,00
Dei nynorske festspela (stillingslysingar)	14.946,20
Aasen-avstøypingar	10.660,00
Ymse	298,00
Sum	120.360,70

Resultat før finanspostar	4.013,47
----------------------------------	-----------------

Finanspostar

Rente-/finansutgifter	108,00
Rente-/finansinntekter	1.367,00
Sum finanspostar	+ 1.259,00

Resultat²	5.272,47
-----------------------------	-----------------

Notar:

Note 1: Møreforsking førde rekneskapen for Nemnda for Ivar Aasen-senteret og seinare Ivar Aasen-stiftinga fram til og med årsskifte 1993-94. Aktiva frå desse vart overført stiftinga sin konto 29. mars 1994. Dette er slik ikkje ei reell inntekt for stiftinga.

Note 2: Det reelle resultatet av drifta er eit *underskot på kr 102.101,70*, sjå forklaringa til inntektspostane i note 1.

Ivar Aasen-stiftinga

GRUNNFONDET

Rekneskap 1993 - 1994³

Inntekter	
Stiftar-innskot 1993	140.000
Gåve 1993	500
Stiftar-innskot 1994	50.000
Sum	190.500
Resultat før finanspostar	190.500
Finanspostar	
Finansutgifter	6
Renteinntekter 1993	1.138
Renteinntekter 1994	7.088
Sum finanspostar	+ 8.220
RESULTAT	198.720

Notar:

Note 3: Det er ikkje lagt fram rekneskap for grunnfondet før, og denne omfattar derfor både 1993 og 1994.

Ivar Aasen-stiftinga

BALANSE pr 31.12.94

EIGE

Bank, driftskonto	5.272,47
Bank, kapitalkonto	198.720,00
SUM EIGE	203.992,47

GJELD OG EIGENKAPITAL

Bunde innskot; grunnfondet	198.720,00
Fri eigenkapital pr 1.1.	0
Resultat i år	5.272,47
Fri eigenkapital pr 31.12.	5.272,47

SUM EIGENKAPITAL	203.992,47
-------------------------	-------------------



Arne-Ivar Kjerland
Øvre Gunnaråsen 46
3475 SÆTRE
Telefon privat 32 79 17 65
Telefon arbeid 22 33 00 97

Ivar Aasen-stiftinga

Oslo 25.august 1995

Revisjon

Eg har kontrollert framlagt rekneskap for Ivar Aasen-stiftinga; Grunnfondet rekneskap 1993 - 1994 med note, Ivar Aasen-stiftinga rekneskap (resultatrekneskap) 1994 med notar og balanse pr 31.12.94.

Alle kostnader og inntekter er dokumenterte, kontoane er avstemte, og eiga er i samsvar med kontoutdraga.

Resultatrekneskapen, balansen og notar gjev eit reelt bilet av drifta og eiga i stiftinga og kan leggjast fram for årsmøtet.

Arne-Ivar Kjerland
(vald revisor)